



FAKTA PÅ BORDET

Århuskonvensjonen - ein avtale om felles regler for miljøinformasjon i Europa





RETTE TIL MILJØINFORMASJON

- **Retten til miljøinformasjon**
- Rett til å vite
- Rett til å delta
- Rett til å klage
- Ein heilhjarta 90-tals konvensjon
- Informasjon på tvers av landegrensene
- Først og fremst det offentlege
- Rettar og plikter
Artikkel for artikkel

"Konvensjonen om tilgang til miljøinformasjon, publikum si deltaking i behandling av vedtak og rett til klage og domstolprøving på miljøområdet"

I følge Århuskonvensjonen skal publikum ha krav på informasjon i miljøspørsmål, og styremaktene har plikt til å samle inn og offentliggjere fakta om miljøet. Som publikum har du dessutan krav på å få delta i prosessar der det blir fatta vedtak som kan få verknad på miljøet. Får du likevel ikkje vite det du skal, har du rett til å klage og krav på å få klagen din høyrte for ein rettskraftig instans. Århuskonvensjonen trådte i kraft i oktober 2001.

ÅRHUSKONVENSJONEN I NOREG

Noreg har lenge hatt ei lov om offentliggjerings, og kravet om deltaking har langt på veg vore ivareteke gjennom lovgiving. Likevel var det også element i Århuskonvensjonen som forsterka det norske regelverket. Nokre døme: Når det gjeld forureinande utslipp, farleg transport og dumping av avfall, har du alltid krav på informasjon, ikkje berre frå offentlege etatar,

men også frå private som opptre på vegne av det offentlege. Konvensjonen stiller krav om rask tilbakemelding på spørsmål om miljøinformasjon, og strengare krav til grunngjeving ved avslag. Unntak for å få innsyn i miljøinformasjon skal tolkast på ein restriktiv måte.

MOT NORSK RATIFISERING

I 1998 vart det sett ned eit lovutval for miljøinformasjon, som skulle sørge for nødvendige justeringar i det norske lovverket i høve til Århuskonvensjonen. Utvalet fekk i oppgåve å vurdere det rettslege rammeverket som skal sikre folk tilgang til miljøopplysningar. I forslaget sitt gikk utvalet inn for at pålegget om å gi ut opplysningar som vedkjem miljøet skulle gjelde både offentlege og private verksemdar. Også på enkelte andre punkt gikk dette forslaget lenger enn Århuskonvensjonen. Gjennom EØS-avtalen må Noreg forplikte seg til EU-regelverket om miljøinformasjon, og utvalet tok høgd for dei endringane som er foreslått av EU. I september 2002 la Miljøverndepartementet forslag til ny miljøinformasjonslov fram for Stortinget.

RETT TIL Å VITE

- Retten til miljøinformasjon
- **Retten til å vite**
- Rett til å delta
- Rett til å klage
- Ein heilhjarta 90-tals konvensjon
- Informasjon på tvers av landegrensene
- Først og fremst det offentlege
- Rettar og plikter
Artikkel for artikkel

- Folk har rett til opplysningar om miljøet
- Styresmaktene har plikt til å innhente og gi ut miljøinformasjon

For å kunne delta og ha synspunkt på miljøspørsmål må vi vite noko om grunnlaget for styresmaktene sine vedtak. Den nye konvensjonen gir publikum ein rett til slik informasjon.

Århuskonvensjonen handlar først og fremst om det offentlege si plikt til å hente inn opplysningar om miljøet og gjere dette kjent for publikum. Men styresmaktene skal også oppfordre private til å informere om kva aktivitetane deira inneber for miljøet.

Miljøinformasjon er alle opplysningar som kan knytast til miljøet. Konvensjonen har ein brei definisjon av miljøinformasjon og inkluderer også spørsmål om genmodifiserte organismar (GMO), samt økonomiske analysar som ligg til grunn for vedtak på miljøområdet.



Århuskonvensjonen er ein avtale om felles regler for miljøinformasjon i landa frå Kasakhstan i aust til Storbritannia i vest, frå Hellas i sør til Noreg i nord. Målet er at også resten av verda skal slutte seg til denne viktige miljøkonvensjonen.



RETT TIL Å DELTA

- Retten til miljøinformasjon
- Rett til å vite
- **Retten til å delta**
- Rett til å klage
- Ein heilhjarta 90-tals konvensjon
- Informasjon på tvers av landegrensene
- Først og fremst det offentlege
- Rettar og plikter
Artikkel for artikkel

- Når verksemder, anlegg og prosjekt blir vedtekne
- Ved utvikling av planer, program og politikk
- Ved utvikling av lover og forskrifter

For at publikum skal ha reell innverknad på ein prosess må dei trekkast inn gjennom offentlege høyringar, møte og liknande før endeleg vedtak.

Vedlegg 1 til Århuskonvensjonen lister opp konkrete aktivitetar som krev offentleggjering før vedtak blir fatta. Dette kan t.d. gjelde plassering av ei avfallsfylling. Publikum har dessutan krav på informasjon om korleis dei kan komme med innspel og kva for styresmakt som skal treffe endeleg avgjerd i saka.

ÅRHUSKONVENSJONEN OG NORSK LOV

Retten til miljøinformasjon vart nedfelt i den norske Grunnloven §110b alt i 1992, og vi har lenge hatt ei lov om offentleggjering i Noreg. Kravet om deltaking er også langt på veg ivareteke. Likevel er det fleire nye element i Århuskonvensjonen som forsterkar det regelverket vi har i dag. I september 2002 la Miljøverndepartementet forslag til ny miljøinformasjonslov fram for Stortinget.



RETT TIL Å KLAGE

- Retten til miljøinformasjon
- Rett til å vite
- Rett til å delta
- **Rett til å klage**
- Ein heilhjarta 90-tals konvensjon
- Informasjon på tvers av landegrensene
- Først og fremst det offentlege
- Rettar og plikter
Artikkel for artikkel

- På saker om miljøinformasjon
- På saker om å delta før vedtak blir fatta

Som publikum har du rett til å klage, eller på annan måte reise sak når du meiner ei handling eller utelating av styresmaktene eller privatpersonar er i strid med den retten du har til miljøinformasjon.

Miljøorganisasjonane har ein særleg rett til å etterprøve gyldigheita av avgjerder som styresmaktene har gjort når det gjeld konkrete aktivitetar. (jfr. Vedlegg 1)

Domstolen eller eit anna uavhengig og upartisk organ skal behandle klager på innsynssaker. Styresmaktene skal legge til rette for klagenemnder eller tilsvarande organ som kan arbeide raskare enn domstolen.

AVFALL, MILJØGIFTER OG FARLEG TRANSPORT

Kva er det som blir dumpa på søppelfyllinga i nabolaget? Blir grunnvatnet forureina? Er det farleg for ungane å leike attmed? Århuskonvensjonen gir kvar av oss ein rett til informasjon om dumping av avfall og utslepp av miljøgifter.

Kvar dag køyrer toget forbi der du bor med ulik last. Innimellom køyrer du sjølv med. Kva fraktar toget? Er noko av lasta miljøfarleg? Kva skjer med denne lasta dersom det hender ei ulykke? Århuskonvensjonen gir deg rett til informasjon om farleg transport.



EIN HEILHJARTA 90-TALS KONVENSJON

- Retten til miljøinformasjon
- Rett til å vite
- Rett til å delta
- Rett til å klage
- **Ein heilhjarta 90-tals konvensjon**
- Informasjon på tvers av landegrensene
- Først og fremst det offentlege
- Rettar og plikter
Artikkel for artikkel

Eit aller første utkast til det som no er blitt Århuskonvensjonen vart lagt på bordet alt under Bergenskonferansen i 1990. Dette var eit regionalt formøte til den internasjonale miljø- og utviklingskonferansen i Rio i 1992. Artikkel nr 10 i Rioerklæringa omhandlar retten til miljøinformasjon og til å delta i vedtaksprosessane.

MILJØ FOR EUROPA

Tanken om å gi alle europeiske borgarar lovfesta rett til miljøinformasjon vart lansert gjennom Miljø for Europa-prosessen. Dette var eit forum for dei europeiske miljøministrane, og politikarane innsåg etterkvart at innbyggjarane måtte trekkast inn om dei skulle kunne løyse dei stadig veksande miljøproblema. Dessutan hadde dei lovnadene i Rio-erklæringa å etterleve.

ÅRHUS, 25. JUNI 1998

På den tredje ministerkonferansen i Sofia i 1996 vedtok miljøministrane å støtte retningslinjer utarbeidd av FNs økonomiske kommisjon for Europa (UN/ECE). Desse slo fast at publikum skulle ha rett til miljøinformasjon frå styremaktene og til å delta i vedtaksprosessar som påverkar miljøet. 25. Juni 1998 vart konvensjonen som gir publikum rett til miljøinformasjon signert av 39 europeiske land i Århus i Danmark. Eit viktig grunnlag da han vart forhandla fram var at miljøorganisasjonane deltok aktivt under heile arbeidet. I oktober 2001, 90 dagar etter at 16 av landa hadde ratifisert konvensjonen, trådte han i kraft. Noreg tek sikte på å ratifisere Århuskonvensjonen i samband med at Stortinget behandlar forslaget til ny miljøinformasjonslov.



INFORMASJON PÅ TVERS AV LANDEGRENSENE

- Retten til miljøinformasjon
- Rett til å vite
- Rett til å delta
- Rett til å klage
- Ein heilhjarta 90-tals konvensjon
- **Informasjon på tvers av landegrensene**
- Først og fremst det offentlege
- Rettar og plikter
Artikkel for artikkel

Den europeiske avtalen som ligg i Århuskonvensjonen teiknar eit heilt nytt Europakart når det gjeld miljøinformasjon. Personar eller organisasjonar i dei landa som har signert konvensjonen har nemleg krav på fri tilgang på skriftleg eller elektronisk informasjon om miljøtilstanden i alle deltakarlanda.

KRAV OM INNSYN I ALLE LAND

Dette inneber til dømes at publikum kan vende seg til Kasakhstan, Sverige eller Storbritannia og be om dei økonomiske vurderingane som ligg til grunn for eit vedtak som vedkjem miljøet. Eller du kan gå til Finland, Spania eller Romania og krevje informasjon om helse og tryggleik for menneske, kulturminnesmerke og infrastruktur som kan bli påverka av miljøtilstanden.

INNSYN KAN BLI NEKTA

I nokre tilfelle kan styresmaktene nekte å gi ut slik informasjon, av omsyn til den nasjonale tryggleiken eller av kommersielle årsaker, i så

fall må dei legge fram ei klar grunngjeving innafor ein tidsfrist. Publikum kan krevje å få sjå dei delene av slike sensitive dokument som ikkje er klassifisert. Dette er det vi på norsk kallar meiroffentlegprinsippet, eller prinsippet om utvida alminneleg dokumentinnsyn. Dersom styresmaktene i eit land held tilbake informasjon utan grunn, kan publikum gå til domstolane eller til eit internasjonalt organ for å få saka vurdert.

EIN MILJØKONVENSIJON FOR HEILE EUROPA

Århuskonvensjonen gjeld i første omgang for Europa. Dei landa som skreiv under og etterkvart vil tilpasse si eiga miljølovgiving til konvensjonen, har utgangspunkt i FN sin økonomiske kommisjon for Europa (ECE-landa). I tillegg til EU og EØS-området omfattar dette Aust- og Sentral-Europa og dei tidlegare Sovjet republikkane. Andre land kan slutte seg til Århuskonvensjonen, og håpet er at dette skal bli ein konvensjon som kan gjelde globalt.



FØRST OG FREMST DET OFFENTLEGE

- Retten til miljøinformasjon
- Rett til å vite
- Rett til å delta
- Rett til å klage
- Ein heilhjarta 90-tals konvensjon
- Informasjon på tvers av landegrensene
- **Først og fremst det offentlege**
- Rettar og plikter
Artikkel for artikkel

GRUNNLOVSPARAGRAF 110B

Retten til miljøinformasjon slik han står nedfelt i den norske grunnlova, paragraf 110b, skil ikkje mellom privat og offentleg eigar av verksemdene.

Århuskonvensjonen gjeld først og fremst offentlege institusjonar, men det er forventa at styresmaktene legg press også på privat næringsliv til å informere om korleis aktivitetane deira påverkar miljøet.

REGISTER OM FARLEGE UTSLEPP

Styresmaktene kan t.d. opprette register med data om utslepp frå alle viktige forureiningskjelder. Slike register, som t.d. det nasjonale kjemikalieregisteret i USA, har vist seg svært effektivt i arbeidet med å få ned utsleppet av giftige kjemikalier.

KVAR SEKTOR SITT ANSVAR

Frå statleg side er det viktig å merke seg at informasjonen ikkje berre skal komme frå miljøstyresmaktene men frå alle sektorar som kvar på sin måte har ansvar for område som påverkar miljøet. Dei fleste departementa er godt i gang med dette arbeidet gjennom m.a. sektorvise miljøhandlingsplaner.

WWW.MILJOSTAUS.NO

Gjennom Miljøstatus i Norge på Internett (www.miljostatus.no) er stat og fylke godt i gang med innsamling og presentasjon av miljøtilstanden i landet. Etterkvart vil også kommunane hente inn tilsvarande nødvendig informasjon og gjere denne tilgjengeleg for publikum.

RETTAR OG PLIKTER

- Retten til miljøinformasjon
- Rett til å vite
- Rett til å delta
- Rett til å klage
- Ein heilhjarta 90-tals konvensjon
- Informasjon på tvers av landegrensene
- Først og fremst det offentlege
- **Rettar og plikter**
Artikkel for artikkel

RETTE TIL Å VITE

Artiklane 2, 3, 4 og 5

Artikkel 2 - Kva er miljøinformasjon?

Miljøinformasjon er all informasjon i skriven, visuell eller elektronisk form, lyd eller anna materiell når det gjeld:

- Tilstanden til og samspelet mellom ulike element som luft, vatn, jord, landskap og det biologisk mangfaldet, inkl. genmodifiserte organismar (GMO)
- Faktorar (t.d. støy, stråling, energi), aktivitetar og tiltak som kan påverke desse miljøelementa

Artikkel 3 - Generelle vedtak

- Konvensjonen pålegg deltakarlanda å etablere eit nasjonalt regelverk og ein nasjonal praksis for miljøinformasjon
- Partane bør utarbeide informasjons- og undervisningsmateriell om rettane i konvensjonen
- Rettane kan utvidast
- Partane er pålagt å legge fram prinsippa i konvensjonen også i internasjonale prosessar som gjeld miljøet
- Personar må ikkje straffast eller utsetjast for ulik behandling for å ha nytta seg av retten som følgjer av konvensjonen

Artikkel 4 - Retten til miljøinformasjon

Styresmaktene har plikt til å gi ut informasjon om miljøet innafor ramma av eiga lovgiving når dei får spørsmål om dette

- Retten gjeld for alle utan omsyn til statsborgarskap, nasjonalitet eller bustad
- Det er ingen krav til særskild interesse i saka
- Informasjonen må gjerast tilgjengeleg så snart som råd og seinast 1 månad etter førespurnad

Unntak frå offentleggjering

Styresmaktene kan la vere å offentleggjere miljøinformasjon når det er snakk om:

- Kommunikasjon mellom offentlege styresmakter i intern saksbehandling
 - Internasjonale forhold, nasjonalt ansvar, offentlig tryggleik
 - Personleg rettstryggleik, bedriftsløyndom, immaterialrettar (opphavsrett)
 - Omsyn til oppvekstområde for trua dyreartar
- Ved slike unntak skal styresmaktene:
Vurdere prinsippet om utvida dokumentinnsyn (meiroffentlegprinsippet)
- Grunngi vedtaket saman med opplysning om klagerett



RETTAR OG PLIKTER

- Retten til miljøinformasjon
- Rett til å vite
- Rett til å delta
- Rett til å klage
- Ein heilhjarta 90-tals konvensjon
- Først og fremst det offentlege
- Informasjon på tvers av landegrensene
- **Rettar og plikter**
Artikkel for artikkel

Artikkel 5 – Informasjonsplikta

- Partane skal til ei kvar tid ha oppdatert informasjon om konsekvensane for miljøet på sine respektive ansvarsområde
- Ved akutte trugsmål mot helse eller miljø skal publikum umiddelbart få informasjon
- Miljøinformasjonen skal leggest fram utan vederlag
- Publikum skal sikrast tilgang til miljøinformasjon gjennom oppretting av register, databasar, saksmapper og liknande
- Offentlege tenestemenn skal påleggjast å gi ut miljøinformasjon i samsvar med konvensjonen
- Rapportar om den nasjonale miljøtilstanden skal leggest fram minst kvart 4. år

RETTE TIL Å DELTA

Artiklane 6, 7 og 8

Artikkel 6 - Deltaking i behandling av vedtak

- Publikum skal ha informasjon om vedtak om igangsetting av, eller endring av vilkåra for tiltak som kan ha innverknad på miljøet (jfr. vedlegg 1 til konvensjonen)
- Slike tiltak skal offentleggjerast så tidleg i prosessen at publikum kan få reell innverknad
- Innspel frå publikum skal takast med under handlinga av vedtaket
- Endeleg vedtak skal offentleggjerast med grunngiving

Artikkel 7 - Deltaking i behandling av vedtak, planer og program

- Styresmaktene har også plikt til å fremme offentleg deltaking når dei utarbeider planer og program som gjeld miljøet
- Informasjon om slike planer og program må gjerast offentleg på eit tidleg tidspunkt slik at publikum får høve til å påverke prosessen
- Innspel frå publikum skal takast med når vedtak blir fatta
- Deltakarar til prosessen skal veljast på grunnlag av målsetjinga i konvensjonen

Artikkel 8 - Utarbeiding av rettsleg forpliktande reglar på miljøområdet

- Forslag til reglar bør offentleggjerast
- Partane bør fastsette ei tidsramme for deltaking som gjer det mogleg å påverke prosessen
- Publikum bør få høve til å uttale seg
- I den grad det let seg gjere skal det takast omsyn til synspunkt som kjem fram i høringa



RETTAR OG PLIKTER

- Retten til miljøinformasjon
- Rett til å vite
- Rett til å delta
- Rett til å klage
- Ein heilhjarta 90-tals konvensjon
- Først og fremst det offentlege
- Informasjon på tvers av landegrensene
- **Rettar og plikter**
Artikkel for artikkel

RETTE TIL Å KLAGE

Artikkel 9

Høve til administrativ og rettsleg prøving

- Enkeltpersonar og organisasjonar skal ha høve til domstolprøving og/eller administrativ overprøving av forhold som strid mot vedtektene i Århuskonvensjonen
- Krenking av retten eller usemje om tilstrekkeleg interesse i saka kan stillast som vilkår for behandling ved domstol i samband med retten til deltaking i vedtaksprosessar
- Både når det gjeld offentlege og private tiltak (eller mangel på slike) har publikum krav på overprøving ved domstolane dersom tiltaka motverkar nasjonal miljølovgeving.
- Styresmaktene skal informere borgarane om kravet på tilgang til rettsmidlar
- Rettsmidlane skal sikre ein rettferdig, balansert, passande og ikkje uforholdsmessig kostbar rettargang
- Partane skal etablere mekanismar som minskar økonomiske og andre hinder som er knytt til kravet på rettsmidlar
- Tilgang til rettsmidlar er uavhengig av statsborgarskap, nasjonalitet og bustad

GJENNOMFØRING

Artikkel 15

Når gjennomføringa av vedtektene i denne konvensjonen skal vurderast skal partsmøtet samrøystes etablere frivillige rådgjevande ordningar

- Ordningane skal ikkje vere konfronterande men rådgivande
- Ordningane skal opne for at publikum kan involvere seg i saka
- Ordningane kan inkludere høve til å behandle spørsmål frå publikum i saker som vedkjem denne konvensjonen

Aktuelle nettsider:

Miljøverndepartementet: www.miljo.no

Århuskonvensjonen: www.unece.org/env/pp/

Miljøstatus i Norge: www.miljostatus.no

Electronic Tools for Aarhus:

www.rec.org/e-aarhus



MILJØVERNDEPARTEMENTET

Myntgata 2, postboks 8013, Dep, 0030 Oslo
Tef: 22 24 90 90 e-post: postmottak@md.dep.no www.miljo.no